



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Tekniske tenester

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Askild Johan Sandvold
Ragnhild Jølsensveg 10

2006 LØVENSTAD



Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Jorunn Røssland Eide	916 67 070	2014/2650-1	239/2	24.10.2014

Prøveboring i Handelandselva - grunnboring for å sjekka om vatnet kan nyttast til drikkevatt

Kvinnherad kommune treng å auka kapasiteten for drikkevatt i forsyningsområdet Sandvoll, Valen, Husnes, Sunde og Halsnøy. Alle disse bygdene er å sjå på som eit forsyningsområde og dei er allereie knytt saman med vassleidningar.

Ein er interessert i å finna ut om Handelandselva har tilfredsstillande drikkevasskvalitet ved grunnboring.

I dagane 29.-31.oktober 2014 ønskjer kommunen og eit konsulentfirma å utføra nokre prøveboringar i/ved Handelandselva innanfor området som er teikna inn med turkis på vedlagte kart. Ved dårleg ver kan arbeidet verta utsett.

De er grunneigar i området og Kvinnherad kommune voner det er greitt for dykk at ein eventuelt gjer dette på dykkar eigedom. Ein veit ikkje eksakt kvar ein skal prøvebora før ein kjem ut i terrenget.

Arbeidet som skal gjerast er: Grunnundersøkelsane vil verta utført med berbart feltutstyr (georadar og sonderboringar med motorhammar, deretter ned-driving av 42 mm røyr med motorhammar). Dette gjer at det vert lite eller ingen spor i terrenget. Det einaste som vert igjen, såframt at det vert påvist vassførande lausmassar, er 1-3 stk. 42 mm undersøkelsesrøyr (røyr) som stikk opp av bakken. Disse kan fjernast seinare.

Det kan eventuelt verta trong for hjelp frå gravemaskin for å grava gjennom topplaget (stor stein, blokk). Dette medfører at gravemaskinen må belta inn til aktuelle punkt og grava gjennom topplaget. Holet vert fylt att og det vert rydda opp etter oss.

Voner de er positiv til dette. Lurer de på noko er det berre å ta kontakt med underteikna (tlf. 916 67 070) eller kommunalteknisk leiar Sigbjørn Øye i Kvinnherad kommune.

Med helsing

Jorunn Røssland Eide
saksbehandlar
vedlegg: Kartskisse

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

